



Skahjem bygg AS
Austre Ortneset 10
5961 BREKKE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1032 - 16/115

Sakshandsamar:
Roald Kvingedal
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
08.01.2016

Melding om delegert vedtak - oppføring av bustadhus - gbnr 1/57, Stokkevik

Administrativt vedtak. Saknr: 004/2016

Tiltakshavar: Ruta og
Slawomir Harbatowicz

Ansvarleg søkjar:

Skahjem bygg AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 20-1 plan – og bygningslova og godkjenner søknad om oppføring av bustadhus gnr 1/57, Ytre Haugsdal.

Søknad med vedlegg mottatt 21.12.15 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Det skal søkjast om tilkopling til kommunalt vatn før det vert gjeve ferdigattest på tiltaket.
- Koordinatar for innmålt bygg/såle må sendast til kommunen før ferdigmelding av bustaden.
- Skilting av huset skal vere utført for det vert gjeve ferdigattest.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving:

Søknaden er i trå med reguleringsplan Stokkevikfeltet.

Heimel:

Plan – og bygningslova
reguleringsplan Stokkevikfeltet.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Skahjem Bygg as	989177338	S	1	Søkjar
PRO	Skahjem Bygg as	989177338	S	1	Arkitektur
PRO	Hafs Elektro&Rør	934466452	S	1	Rørleggjararbeid
UTF	Skahjem Bygg as	989177338	S	1	Grunnmur, tømrararbeid, Våtrom, pipe, og plassering og innmåling.
UTF	Frode Haugsvær Maskin AS	985442320	S	1	Grunn og terrengarbeid
KTR	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Våtrom og lufttetthet

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Adressevedtak

Melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse)

Adressevedtaket

Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 38 bnr 101, skal ha følgjande offisiell adresse:

Stokkevika 19

Skilting av huset skal vere utført for det vert gjeve ferdigattest.

Heimel

Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i lov av 17.juni 2005 om lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) og tilhøyrande forskrift §§ 10, 49 og 50 av 26.april 2009 om forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.1	Basisgebyr - bustad / fritidsbustad	1	8100,-
10.2.9	Godkjenning av ansvarsrett	1	1650,-
	Totalt gebyr å betala		9750,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnigjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Saka gjeld søknad om oppføring av bustadhus gnr 1/57, Ytre Haugsdal.

2. Uttale

Tiltaket er nabovarsla, det er ingen merknader til søknaden.3. Fakta
Søknaden gjeld søknad om oppføring av bustadhus gnr 1/57, Ytre Haugsdal.

3. Fakta

Søknaden gjeld søknad om oppføring av bustadhus gnr 1/57, Ytre Haugsdal.

Det skal søkjast om om tilkopling til kommunalt vatn og avlaup før det vert gjeve ferdigattest.

4. Vurdering

Masfjorden kommune har ingen merknader til søknaden.

Søknaden er i trå med reguleringsplan Stokkevik.

Melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse) Gbnr 38/101.

Det er gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 38 bnr 101, skal ha følgjande offisiell adresse:

Stokkevika 19

Skilting av huset skal vere utført for det vert gjeve ferdigattest.

5. Konklusjon

Jf, vedtak.

Kopi til:

Ruta og Slawomir Harbatowicz

Gulafjordvegen
541

5960

DALSØYRA

Mottakarar:
Skahjem bygg AS

Austre Ortneset 10 5961

BREKKE